

PRESSEMELDING

Sogn og Fjordane Ungdomslag

Kaupanger, 9.6.2020

KONTAKTPERSON:

Christoffer Knagenhjelm
Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane
Mob.: 48 00 48 17
E-post: christoffer@ungdomslag.no

AKTIVITETSPRISEN FOR 2019 TIL STADLANDET UNGDOMSLAG

Aktivitetsprisen går i år til Stadlandet UL. Laget er særleg kjent for å arrangere Dragseidespelet «På Sverdeggja» som i 2019 vart framført for 13. gong. Dette er eit friluftspel skreve av Rolf Losnegård, med opphav i 1000-årsmarkeringa for Olav Tryggvasson si kristningsferd i 997.

Stadlandet Ungdomslag har sidan starten i 1997 hatt både kunstnarleg og organisatorisk ansvar for gjennomføring av spelet. Dette er eit stort løft for laget, med mange bidragsytarar. Spelet medverkar òg til å setje Stadlandet på kartet. Tilbakemeldingane var veldig positive frå publikum. Nytt av året var konsert i Ervik kyrkje, der aktørar frå Dragseidspelet òg medverka.

Sjølv om dei arrangerte Dragseidspelet hadde teaternemnda likevel overskot til å starte planlegging av skodespelet «Rett i lomma» med premiere i 2020!

Men Stadlandet UL har òg omfattande aktivitetar i tillegg til Dragseidspelet. Laget har over lengre tid renoverert ungdomshuset Blikken, som vart gjort ferdig i 2019 med oppussing av uteboda. Med dette har dei òg fått skikkeleg lager til kostymane til Dragseidspelet.

Ungdomshuset Blikken vert mykje brukt, med faste aktivitetsekveldar, vaksenringen, ungdomskveldane kvar fredag er alltid populære og er eit viktig tilbod til ungdommen. Laget fekk òg tid til å arrangere filmkveld under kulturnatt 2019. I tillegg har Stadlandet UL fått tid til einskilde dansesamlingar for barn. Huset vert òg brukt til møteverksemd og bandøvingar. Her får lokale ungdommar spele i lag med kyndig instruktørhjelp frå vaksne. Ungdommane deltok på UKM og gjekk vidare til fylkesmønstringa.

Som regionlag tykkjer vi det er viktig å stimulere og vise interesse for kva aktivitetar og planar lokallaga har. Ikkje minst er det inspirerande for både oss i styret og andre lag å få innsikt i kva aktivitetar andre lokallag har. Denne gongen hadde vi òg eit ønskje om å heidre Margit Fløde for hennar innsats. Margit har i mange år gjort ein uvurderleg innsats for både lokallaget og Dragseidspelet, fortel styreleiar Hildegunn R. Gjelsvik i Sogn og Fjordane Ungdomslag.

Stadlandet Ungdomslag

Stadlandet ungdomslag vart skipa 25. oktober 1947. Ungdomslaget held til i ungdomshuset «Blikken» bygd på 1970-talet. Laget overtok huse frå Mongstad i 2005. Bakgrunnen var manglande tilhaldsstad



PRESSEMELDING

Sogn og Fjordane Ungdomslag

og behov for eit permanent hus for dei unge. Huset har blitt renovert dei siste åra og vert mykje brukt.

OM SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG:

SOFUL er tilknytt Noregs Ungdomslag, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon innan frivilligheita i Noreg, har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. SOFUL vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eitt fylkeslag. I fylket har vi i dag om lag 30 aktive lokallag. SOFUL er såleis bindeleddet mellom Noregs Ungdomslag (NU) og lokallaga i Sogn og Fjordane.

Vi dekker friviljug kulturarbeid og bidreg med kursverksemd innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Nokre lag i fylket har òg ansvar for kinodrift. SOFUL er viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og mediarbeid og anna kulturelt arbeid for å verne om og ta vare på nynorsk som skriftspråk.

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) etablerte ordninga Huset i Bygda (HiB) i 2010. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle former for organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik vonar SOFUL og HiB å medverke til å skape meir synlege, sterkare og relevante kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar. Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats, og dei betyr mykje for samhaldet, identiteten og aktiviteten i små og større bygder og byar. Huset i Bygda samarbeider både med Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Mellom anna administrerer vi ein gåvetildeling til organisasjonseigde kulturhus på 800 000,- på vegne av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

